



Rutinar og retningslinjer for opprydding av spreidd avløp i Hemsedal kommune Vedtatt av Hovudutval for Plan og Ressurs dato 27.5.2010 saksnr. 45/10.

1. Registrering og etterarbeid

- 1.1. Registrere avløpsforholda
- 1.2. Der det blir avdekkta feil, manglar eller ulovlig utslepp blir eigar kontakta og oppfordra til å opphøre utsleppet eller rette eventuelle feil og manglar. Det blir gitt krav om pålegg til og rette desse innan ein gitt frist

2. Dersom anleggseigar ikkje følgjar pålegga innan den gitte fristen:

- 2.1. Er det gitt utsleppsløyve kan kommunen krevje at utsleppet blir stoppa (gjennom eit enkeltvedtak) her kan det også gis fristar for oppretting av feil og manglar. Dersom feilen ikkje er utbetra kan utsleppsløyve trekkast tilbake etter forureiningslova § 18
- 2.2. I dei tilfeller der det ikkje er gitt utsleppsløyve kan kommunen gi eit slik løyve dersom anlegget er bygget etter gjeldande forskrifter og fungerer tilfredsstillande. Dersom anlegget ikkje tilfredsstillar krava kan det gis løyve med fristar for utbetring eller nyetablering av anlegg
- 2.3. Dersom pålegg gitt i enkeltvedtak ikkje blir følgt opp blir det gitt bøter, jamfør forureiningslova § 73

Det er krav om skriftleg søknad om utsleppsløyve, det er eigar av hytta som er ansvarleg for at utslepp- og igangsettingsløyve er gitt skriftleg før tiltaket settes i gang.

3. Kommunedelplan for Markegårdslia – Lykkja

- 3.1. I områder der det er krav om rammeplan blir det ikkje tillate andre løysingar/utslepp enn det som kjem fram av rammeplanen. Utsleppsløyve kan bare gis til den avløpsløysinga som er godkjend i rammeplan. Dersom vedteke plan har konkludert med at området skal avkloakkerast til eit felles avløpsanlegg, kan ikkje kommunen gje utsleppsløyve til separat etablert avløpsløysing.
- 3.2. Dei som har innlagt vatn, men manglar utsleppsløyve, blir sett på som ulovleg etablert. Dei som ikkje har utsleppsløyve vil få ein frist til å søkje om løyve i medhald av vedteke rammeplan eller stoppe utsleppet/stenge vatnet. Eldre avløpsanlegg som er godkjente må kontrollerast med omsyn til funksjon og reinsing.
- 3.3. Utslepp av avløpsvatn frå fritidsbustad og etablering av avløpsanlegg ble søknadspiktig tiltak 15. mai 1972. Avløpsanlegg som er etablert før dette tidspunktet, er framleis lovlege, føresett at det under kontroll ikkje blir oppdaga feil eller manglar. Eigar av avløpsanlegget må dokumentere at anlegget er etablert før 1972 og at utsleppstypen og mengda ikkje er endra etter at det blei etablert.
- 3.4. I samband med opprydding av spreidd avløp, vil kommunen oppheve/endre utslipp som er etablert før 1972 i medhald av forureiningsloven § 18, når felles avløpsanlegg for området er etablert. Kommunen vil gjennom enkeltvedtak bestemme at alle utslipp etablert før 1972 innanfor rammeplanområdet, er ulovleg etter ein fastsett frist jamfør forureiningsforskrifta § 12-16.
- 3.5. Nyetablering av tett tank blir ikkje tillate innanfor kommunedelplanområdet, og kommunen kan ikkje tillate tett tank som er etablert utan utsleppsløyve.

